

REGULERINGSFØRESEGNER HYTTEFELT VED HESTADFJORDEN

§ 1

Reguleringsføresegner gjeld for planområdet synt ved reguleringsplan i målestokk 1:500.

§ 2

Reguleringsplan i mål 1:500 er retningsgjevande for plassering og orientering for hyttene. Plassering og orientering kan underleggast mindre justeringar etter samråd med grunneigar og planleggar. Bygningsrådet i kommunen vil ha avgjerande myndigheit i tvilstilfelle. Siktemålet skal vere best mogeleg terrengplassering, og minst mogeleg sjenanse for dei andre hyttene og for allmenn-interesser, eller grunneigar -interesser.

§ 3

Hyttene skal ha saltak, med takvinklar mellom 22 og 34 . Form på bygningane og bygningsdeler skal i størst mogeleg grad vere tilpassa lokale tradisjonelle byggeskikkar.

§ 4

Utvendig kledning/bygningsmaterialar og utvendig fargesetting skal harmonere med omgivnaden. Utvendig kledning bør vere liggande trepanelar, og takkledning skal vere torvtak, eller anna taktekking i grå/svart farge. Metallplater kan ikkje nyttast.

§ 5

Vegetasjonen i området og på tomten skal oppretthaldast mest mogeleg uendra. Nyplanting med furu, gran og bjørk vert tillate når det ikkje stenger utsikt for nabohytter.

§ 6

For dei tomtene som vert festa bort skal grenser berre markerast med merke i hjørner. Det vert ikkje høve til inngjerding eller andre stengsler som hindrar ferdsel for mennesker og dyr.

§ 7

Avfall skal plasserast i bosstativ ved tilvist plass.

§ 8

Toalett skal baserast på organisk nedbryting i tette kummar. Med forskriftsmessig rensing kan bygningsrådet godkjenne andre typar toalett.

reguleringsføresegner side 2.

§ 9

Det skal vanlegvis ikkje innleggast vatn i hyttene. Vassforsyning skjer ved vasspostar. Avlaupsvatn kan infiltrerast i grunn etter detalj -godkjenning frå bygningsrådet. Innlagt vatn i hyttene vert berre godkjent for hytter med forskriftsmessig avlaup.

§ 10

Det kan oppførast berre ei hytte på kvar tomt. I tillegg kan det oppførast eit uthus. Som hovudregel bør uthuset byggast saman med hytta. Det skal ikkje settast opp byggmessige anlegg som verkar landskapsmessig forstyrrende.

§ 11

Parkeringsplass skal opparbeidast før hyttene vert tekne i bruk. Det skal opparbeidast ein parkeringsplass pr. hytte.

§ 12

Areal utafor tomtegrensene har fri ferdsel for alle i samsvar med norsk lovverk, og med grunneigaren sine normale bruksrettar.

§ 13

Før graving, sprenging eller byggearbeid vert sett i gang, skal det føreligge godkjend byggemelding frå bygningsrådet.

§ 14

Vegane på området skal vere av klasse køyrbar gangveg og tilpassast terrenget utan store inngrep.

§ 15

Eksisterande vegetasjon i byggeforbodsbeltet skal takast vare på og fungere som avskjerming av området. Ved utfyllande tilplanting bør det brukast treslag som veks naturleg i området.

§ 16

Bygningsrådet kan etter grunngeven søknad, og når særlege grunnar føreligg, gjere unntak frå desse føresegnene.

*Godkjent kom. styret
02.03.92 - sak k37/92*